

## Vedlegg 3: Tilskotsordning by- og stadutvikling

### Tilskot for levande byer og stader i Vestland

#### **Føremål med ordninga:**

Føremålet med tilskotsordninga er å skape gode rammer for kvardagslivet i byar og stadar i Vestland. Tilskotsordninga kan knytast til mål 3 i Utviklingsplanen «*Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv*», og tilhøyrande berekraftsmål 11 «*Berekraftige byar og samfunn*» og 17 «*Samarbeid for å nå målene*». Denne tilskotsordninga skal bidra til kommunane sitt arbeid med å skapa sentrum og nærmiljø som stimulerer til trivsel, aktivitet og møte mellom folk.

#### **Kven kan søkje:**

Kommunane i Vestland fylke.

#### **Søknadsfrist:**

Søknadane vert handsama to gonger i året. I 2021 er søknadsfrist 30. april, med ny utlysing på hausten for restmidla.

#### **Krav til søknaden:**

Søknad skal sendast inn ved bruk av søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider. Teksten som søkjaren må fylle ut i kvar kategori kan skrivast kort og konsist. Innhaldet kan utdjupast i vedlegg til søknaden.

#### **Søknad må innehalde:**

- Omtale av kva kommunen ønskjer å nytte tilskotsmidlane til, inklusive målsettingar og relevans for føremålet med tilskotsordninga
- Plan for gjennomføring og vurdering av forventa verknad
- Framdrift, finansieringsplan og oversikt over kostnader
- Søknadsbeløp

#### **Kva kan få støtte?**

Midlane skal nyttast til kommunale prosessar og utviklingsarbeid som stør opp om mål og strategiar i Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, Sogn og fjordane fylkeskommune 2018 – 2022 og Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026, samt dei overordna måla i Utviklingsplan for Vestland som no er under arbeid:

- Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping
- Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

#### **Midlane kan nyttast til:**

- Sosial berekraft, universell utforming og inkluderande by- og stadutvikling  
Skapa tilgjengelege, inkluderande og trygge stadar der folk trivst, kjenner tilhøyrslø og som stimulerer til aktivitet.
- Eit levande sentrum - arkitektur og landskapsarkitektur  
Utvikling av mangfaldige, attraktive og særprega sentrum, der folk har lyst til å bu, arbeida og besøka. Eit sterkt sentrum skal sørve og støtte opp om omlandet rundt. Utforming av bygg og uterom skal vere haldbare og ta omsyn til det naturgitte og kulturelle særpreget ved staden.
- Kunnskapsgrunnlag  
Kartlegging, analysing og sosialantropologiske arbeidsmåtar for ny og lokal kunnskap i planlegging av berekraftige byar og stadar. Alle byar og stadar har sin eigen karakter, forma av klima, natur, kultur og historie.
- Aktiv og deltakande medverknad  
Mobilisering og samhandling mellom ulike grupper for å styrke brei medverknad i stadutviklinga utover minstekravet i plan- og bygningslova.

- Mellombelse møteplassar  
Mellombelse tiltak i sentrumsområde som har potensial for ny bruk og utforming. Forsøk kan gjerast uavhengig av, eller i samanheng med pågåande plan- og utviklingsprosessar. Tiltak skal stimulere til ny aktivitet innanfor eit kortare tidsrom, med avgrensa ressursar og gjerne i samarbeid med frivillige lag, organisasjonar og næringsliv.
- Blågrøne strukturar  
Kultivere og ivareta blågrøne strukturar i sentrum som fremjar trivsel, naturmangfald og levande økosystem
- Nyskaping bygt på stadlege verdiar og kvalitetar, ombruk og fornying

#### **Vilkår**

- Søknaden vert vurdert ut frå gjeldande planar og strategiar.
- Prosjektet skal ha overføringsverdi til andre kommunar. Vi ønskjer at kommunen stiller seg disponibel til å formidle resultatet i framtidige konferansar eller liknande.
- Fylkeskommunen vert invitert inn til deltaking i prosessen, i styringsgruppe, oppstartsseminar eller liknande.
- Normalt kan det gjevast inntil 50 % av total kostnad. Kommunen må ha eigen finansiering, dette kan vere i form av eigeninnsats.
- Rapportering skal skje i tråd med tilsegnsbrevet.
- Det er krav om tilbakebetaling dersom prosjektet ikkje vert gjennomført i tråd med tilsegnsbrevet.

#### **Kriterium for prioritering av tildeling**

- Søknaden sitt ambisjonsnivå i høve til tilskotsordninga.
- Oppfølging av Regionale plan for attraktive senter i Hordaland/Strategi for tettstad-utvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane, og overordna mål i Utviklingsplan for Vestland.
- Overføringsverdi til andre byar, stadar og kommunar.
- Forankring i kommunalt planarbeid og/eller politiske vedtak.

Vi vil også vurdere særskilt søknader som støtter oppom vilkåra på tvers av tilskotsordningane for seksjonen Plan, klima ,folkehelse, opp mot *Tilskot til folkehelse* og *Tilskot til kommunale klimatiltak*.